

**Kommuneplanen for Nissedal  
- samfunnsdelen -  
2020 - 2031**

**Vedteke i kommunestyret i sak 70/20  
12.11.2020**

## Innhald

1 Innleiing .....	3
Berekraftig utvikling .....	4
Medverknad .....	4
Plansystemet i Nissedal kommune.....	5
2 Nå-situasjon og utviklingstrekk .....	6
Kommunestruktur .....	6
Demografi.....	6
Folkehelse.....	6
Kompetanse.....	6
Økonomiske rammer.....	7
Utvikling av (og som følge av) hytteutbygging .....	7
3 Visjon .....	8
Folketal .....	8
Folkehelse.....	8
Berekraftig samfunnsutvikling.....	8
Åtferdsverdiar.....	9
4 Hovudmål .....	10
1 - Nissedal - ein god og trygg stad å leve gjennom heile livet .....	10
2 - Nissedal – ein attraktiv stad å drive næringsverksemd.....	14
3 - Nissedal – tek miljø- og klimautfordringane på alvor .....	17

## 1 Innleiing

Plan og bygningslova (pbl) § 11-1 set krav om at kommunen har ein samla kommuneplan som omfattar ein samfunnsdel og ein arealdel. Gjeldande kommuneplan vart vedteke i 2014.

Kommuneplanen er det viktigaste overordna styringsdokumentet for kommunen, og skal synleggjere politiske prioriteringar for innbyggjarane og for omverda. Kommuneplanen har eit perspektiv på 10-12 år, og skal rullerast kvart 4. år. Samfunnsdelen skal legge rammer for planlegging og aktivitet i kommunen. Den er og grunnlag for handlingsprogrammet med økonomiplan, som syner handlingsmål for samfunnsutvikling, styringsmål for tenesteutvikling, prioritering av tiltak, samt verksemdsplanar. Handlingsprogrammet har eit perspektiv på 4 år, og skal rullerast kvart år.

Til kommuneplanen hører det og ein arealdel, synleggjort i kommuneplankartet. Plankartet skal syne eksisterande og framtidig arealbruk, og er juridisk bindande for dei tema som er tatt inn i planen i samsvar med plan- og bygningslova §§11-7 og 11-8. Til plankartet kan det og knytast juridisk bindande føresegner. Nissedal kommune har vald å framstille arealdelen i eitt kommuneplankart med fem tilhøyrande kommunedelplan-kart, for områda *Kyrkjebrygda*, *Kyrkjebygdhelia*, *Treungen sentrum*, *Gautefallheia* og *Felle*. Desse kommunedelplanane blir ikkje rullert nå.

Kommuneplanlegging er ein kontinuerleg prosess, og ikkje noko som blir avslutta når ein plan ligg føre. Formuleringane i samfunnsdelen er på eit overordna nivå, og skal syne retning og gi *føringar for vidare planlegging*. For å sikre gjennomføring av kommuneplanen er det viktig at desse føringane blir lagt til grunn og blir nytta vidare i arbeidet med verksemdsplanar for dei ulike einingane i kommunen. Det er gjennom verksemdsplanane ein kan kome fram til meir konkrete tiltak, løysingar og prioriteringar.

I planprogrammet for planprosessen vart det peika på 8 tema der ein skulle drøfte status, utfordringar og potensiale for utvikling :

- Samfunnsutvikling/folketalsutvikling – attraktivitet
- Næringsliv, arbeidsplassar og infrastruktur
- Samfunnstryggleik og beredskap
- Arealbruk, landskap og naturmangfold
- Folkehelse og levekår
- Barnehage, skule og utdanning
- Kultur
- Klima og miljø

Dette vart også lagt til grunn i analyse- og vurderingsfasen, og det ligg ein omfattande dokumentasjon til grunn for dette plandokumentet.

I utforming av plandokumentet har ein vald å ikkje føre vidare denne tematiske inndelinga, men i staden ta utgangspunkt i visjon og 3 hovudmål.

## Berekraftig utvikling

Det går fram av *Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2019-2023* at FN sine berekraftsmål skal leggast til grunn i kommunal planlegging. Denne kommuneplanen legg stor vekt på ei berekraftig utvikling i tråd med desse prinsippa.


## Medverknad

Medverknadskrava i plan- og bygningslova er i planprosessen ivaretake ved å legg ut både planprogram og framlegg til kommuneplan på offentleg høyring. Dette vart annonsert i lokalaviser og publisert på kommunen si heimeside/sosiale media. Representantar for ulike særinteresser er gjort særleg merksame på høyringsforsлага. Eldrerådet og rådet for funksjonshemma har gjeve uttale til planforslaget. Bornas representant har delteke aktivt i planarbeidet.

Tradisjonelle folkemøte vart valgt bort, då erfaringa med desse frå tidlegare prosessar har vore at det er relativt få som møter på desse. Nissedal kommune er ein liten og oversiktleg kommune, der det er kort avstand frå innbyggjar til administrativ og politisk leiing. Dette i seg sjølv gjev tryggleik i at alle som har hatt ønskje om det, har hatt høve til å delta i planprosessen.

## Plansystemet i Nissedal kommune

Figuren under syner planhierarkiet i Nissedal kommune. Ved den årlege rulleringa av handlingsprogrammet skal dette bygge på den langsiktig delen av samfunnsdelen, samt vedtekne temaplanar.



## 2 Nå-situasjon og utviklingstrekk

Med eit folketal på 1.448 fastbuande (SSB pr. 01.01.2020) er Nissedal kommune blant dei minste kommunane i landet, og den nest minste i Vestfold og Telemark.

I motsetnad til mange små distriktskommunar som opplever fråflytting og nedgang i folketetalet har Nissedal hatt ei positiv utvikling i folketetalet (5,1 % vekst frå 2008 til 2020). Dersom ein ser i eit enda lengre tidsperspektiv så har Nissedal same folketal i 2020 som i 2000. På same tid har Vest-Telemark kommunane ein samla nedgang på 5,9 %.

Nissedal kommune scorar høgt på samla attraktivitet for busetjing og næringsetablering (nr. 2 i Telemark). På attraktivitet for busetnad (2008-2017) er kommunen rangert som nr. 95 av 422 kommunar (nr. 2 i Telemark). På næringsattraktivitet (2016-2017) er kommunen rangert som nr. 160 av 422 kommunar (nr. 4 i Telemark).

### Kommunestruktur

Regjeringa sitt arbeid med kommunereform i perioden 2014-2016 enda opp med at Nissedal kommune bestod som eigen kommune. I kommunestyresak 55/16 vart det slege fast at så lenge ikkje rammevilkåra endrast vesentleg i negativ lei, er Nissedal godt rusta til å oppfylle reforma sine hovudmål om: *gode og likeverdige tenester - heilskapleg og samordna samfunnsutvikling - berekraftig og økonomisk robust kommune - eit styrka lokaldemokrati*.

### Demografi

Alderssamsetnaden i eit område reflekterer for ein stor del den historiske demografiske utviklinga. Det er spesielt flyttestraumane som over tid avspeglast i aldersstrukturen. Høgste registrerte folketal i Nissedal er 1.795 (i 1951). SSB sin modell for framskrivning av folketal syner eit forventa folketal i 2030 på 1.608 innbyggjarar. Det framskrivast ein nedgang i aldersgruppa 0-15 år på 10 %, medan aldersgruppa 67 år og eldre aukar med 33,8 %. Utviklinga siste 20 år syner at ei slik utvikling ikkje nødvendigvis treng bli ein realitet. Nissedal kommune har gode føresetnader for å tiltrekke seg familiær i etableringsfasen, og med det påverke utviklinga i den yngre aldersgruppa.

### Folkehelse

Nissedal kommune har mykje god erfaring med å sjå folkehelsearbeid i eit vidt perspektiv. I arbeidet med kommuneplanen er det lagt stor vekt på vidareføre eit slikt perspektiv, og både visjon og hovudmål speglar dette. Kommunen sine folkehelseutfordringar vil bli kartlagt og vere del av arbeidet med framtidige planstrategiar.

### Kompetanse

Attraktivitet som bustadkommune heng nært saman med tilgjenge på attraktive arbeidsplassar. I Nissedal er det relativt få arbeidsplassar som krev høgare utdanning, spesielt i privat sektor. I kommunal sektor ser ein at kvinner er overrepresentert i dei store høgskule-kompetansegruppene. Samfunnsutviklinga gjer til at kompetansebehovet aukar generelt, og kompetanse vil i framtida kunne vere eit satsingsområde og eit fortrinn på line med t.d. naturressursar.

## Økonomiske rammer

Overføringane frå staten har dei siste 3 åra (budsjett for 2018-2020) hatt ei positiv utvikling sett i høve til løns- og prisveksten. Nissedal hadde både i budsjettet for 2019 og 2020 sterkest vekst i fylket på frie inntekter. Samstundes har også kraftinntektene til kommunen auka vesentleg. Til trass for dette har Nissedal kommune dei siste åra hatt eit driftsnivå der utgiftene aukar meir enn inntektene. I økonomiplanperioden (2020-2023) har det difor vore nødvendig å redusere driftsnivået. Nissedal kommune har likevel framleis ein relativt god økonomi som gjev høve til høg ressursinnsats på nær sagt alle tenesteområde.

## Utvikling av (og som følgje av) hytteutbygging

Hyttebygging har vore ei sterk drivkraft i utviklinga av næringslivet i Nissedal frå slutten av 1990-talet og fram til i dag. Dei fleste bedriftsetableringane har, direkte eller indirekte, hatt "hytter" som eit viktig marknadsgrunnlag. Samstundes er hyttebygging ei konjunkturavhengig næring som er sårbar for svingingar i privatøkonomien, noko som gir ekstra utfordringar i tider med låg etterspurnad.

Det er i dag over 2 400 fritidsbustader i kommunen. Talet er meir enn dobla dei siste tjue åra. Kommunen har hatt ei bevisst satsing og målsetjing om at flest mogleg av desse skal knytast til kommunalt vass- og avløpsnett. Resultatet er at nesten all ny utbygging skjer i slike felt. Denne politikken har gitt miljøgevinstar, og ført til at kommunale vassverk og reinseanlegg er, eller kan bli, rusta opp utan store kostnader for dei fastbuande. Om få år vil truleg over 80 % av alle fritidsbustader vere kopla til kommunalt vass- og avløpsnett. Dette er unikt i landsmålestokk.

Som eit resultat av hyttebygginga, er det skapt ein større marknad for etablering av fleire servicebedrifter, også med grunnlag i lokale attraksjonar/aktivitetar. Her vil det vere viktig med god kontakt mellom næringslivet og skulen med tanke på rekruttering.

Denne planen omtaler «innbyggjar» i vid forstand, utan å nyansere om det er fastbuande eller fritidsinnbyggjarar.

## 3 Visjon

### Nissedal – der gode liv levast

Nissedal kommune sin visjon «*Nissedal – der gode liv levast*», er ny i kommuneplanen. Visjonen understrekar at Nissedal er ein god stad å leve, og slik skal det fortsetje å vere.

Kva som er eit godt liv kan opplevast ulikt, både mellom enkeltindivid, ulike kulturar, aldersgrupper osv. I arbeidet med denne planen har me m.a. lagt til grunn at:

- Me må trivast
- Me må kjenne oss inkludert
- Me må få hjelp når me treng det
- Me må ha valfridom
- Me må ha økonomisk tryggleik
- Me må vere til nytte

I høve til tidlegare planar har denne planen eit større fokus på samfunns- og innbyggjarperspektivet, enn på den kommunale tenesteytinga. Det er lagt til grunn at det er i fagplanar og økonomi- og handlingsplan at konkrete mål og tiltak vert vedteke.

### Folketal

Å oppretthalde, og helst auke, folketalet i kommunen har stor innverknad på at alle også i framtida kan leve det gode liv i Nissedal. Med færre innbyggjarar blir det sosiale miljøet snevrare og mindre attraktivt, og det vil heller ikkje vere mogleg å vidareføre dei gode kommunale tenestene slik dei er i dag.

Visjonen og positiv folketalsutvikling heng sterkt saman. Så lenge det opplevast at det gode liv levast i Nissedal, vil kommunen også vere attraktiv for busetjing. I tillegg vil skaping av næringsattraktivitet og arbeidsplassar kunne gje positiv effekt på folketalsutviklinga.

### Folkehelse

Innbyggjarar som er livskraftige og glade får overskot, meistrar eige liv, treng mindre helsehjelp og bidreg i lokalsamfunnet. Alt ein gjer i kvardagen kan i større eller mindre grad påverke helsetilstand og trivsel, og difor skal kommunen leggje til rette for at folk kan gjere gode og helsefremjande val. Fokus i barnehage og skule på livsmeistring, inkludering og trivsel er viktige faktorar i utviklinga av god folkehelse. God folkehelse gir gode liv.

### Berekraftig samfunnsutvikling

Kommunane er nøkkelaktørar for å realisere ei berekraftig samfunnsutvikling. Dei er nærmast befolkninga, lokale verksemder og organisasjonar, og samstundes ansvarlege for mykje av den sosiale og fysiske infrastrukturen som påverkar levekåra og utviklingsmoglegheitene til befolkninga.

Å vidareutvikle Nissedal som eit berekraftig velferdssamfunn der det blir skapt verdiar og arbeidsplassar inneber å balansere ønskje om større aktivitet med berekraftige rammer. Vekst i reiseliv og meir bruk av fritidsbustader gir grunnlag for lokal vekst og arbeidsplassar, med utvikling av infrastruktur og tenestetilbod som også er til nytte for fastbuande. Fritidsbustader inneber samstundes meir utbygging, transport, ferdsel og slitasje i natur- og friluftsområde.

## Åtferdsverdiar

Det er i relasjon med andre menneske livet levast. Korleis ein opplever menneska rundt seg har mykje å bety for «det gode liv».

Åtferdsverdiar vi ønskjer skal prege dei mellommenneskelege relasjonane i Nissedal:

***Saman er vi rause, respektfulle, omtenksame, inkluderande, blide og stolte.***

## 4 Hovudmål

### 1 - Nissedal - ein god og trygg stad å leve gjennom heile livet

#### 4.1.1

*I Nissedal har me  
livskraftige og  
glade  
innbyggjarar som  
tek ansvar for  
eige liv*

#### Det betyr at:

- Me har fokus på folkehelse i alle livets faser
- Me har fokus på livsmestring og trivsel i alle livets faser
- Me har fokus på inkludering og det å høyre til ein stad
- Me har fokus på identitet og omdømme
- Me har fokus på tidleg innsats for å skape eit samfunn med små skilnader og like sjansar for alle
- Me har fokus på trivsel i ungdomsåra og at det er attraktivt å flytte heim att

#### 4.1.2

*I Nissedal har me  
engasjerte  
innbyggjarar som  
deltek i frivillig  
arbeid til gode for  
fellesskapet*

#### Det betyr at:

- Me legg til rette for eldsjelene
- Me legg til rette for eit samarbeid mellom frivillig arbeid, kommunal tenesteyting og privat næringsliv
- Me legg til rette for gode møteplassar

#### 4.1.3

*I Nissedal har innbyggjarane tilgang til arbeid og økonomisk tryggleik*

Det betyr at:

- Me arbeider for eit variert tilbod av arbeidsplassar i kommunen
- Me legg til rette for fulltids-stillingar
- Me satser på kompetanseutvikling
- Me legg til rette for dag- og vekependlarar
- Me har eit godt støtteapparat når arbeidsinntekt fell bort

#### 4.1.4

*I Nissedal verdsett me initiativ og nytenkning og grip sjansene som byr seg*

Det betyr at:

- Me er fleksible og endringsvillige
- Me gjer god nytte av «smådrifts-fordelane»
- Me ikkje er meir byråkratiske enn me må
- Me er framoverlente og tør å satse stort sjølv om vi er små
- Me brukar samskaping som metode

#### 4.1.5

*I Nissedal legg  
me til rette for at  
det er mogleg å  
busetje seg der  
ein ønskjer*

Det betyr at:

- Me har tilgang på attraktive bustadomter i alle delar av kommunen
- Me har kommunalt engasjement i alle godkjente byggeområde for bustader, t.d. knytt til teknisk infrastruktur og profilering
- Me realiserer ytterlegare opparbeiding av bustadfelt i Treungen og Kyrkjebygda
- Me er opne for fast busetjing i egna regulerte område for fritidsbustader
- Me satsar offensivt og framtidsretta på utbygging av dei kommunale vass- og avløpsanlegga
- Me sikrar alle skuleelevar ein trygg skuleveg
- Me har kommunalt engasjement knytt til infrastruktur, der dette er avgjeraande for busetjing

#### 4.1.6

*I Nissedal får  
innbyggjarane  
gode kommunale  
tenester etter  
behov*

Det betyr at:

- Me legg til rette for at flest mogleg, uavhengig av alder og funksjonsnivå, bur heime så lenge det er fagleg forsvarleg
- Me har fokus på heilskapleg perspektiv og tverrfagleg innsats så tidleg som råd
- Me har barnehagar og skular som har fokus på tenesteutvikling og utdannar digitalt kompetente innbyggjarar til å møte morgondagens krav
- Me har fokus på stabil drift av gode kommunal-tekniske tenester
- Me er positive til interkommunale samarbeid dersom det er tenlege for innbyggjarane
- Me ser samanheng mellom godt arbeidsmiljø og trivsel og god kvalitet i tenesteproduksjonen

#### 4.1.7

*I Nissedal har me eit inkluderande og trygt samfunn, med levande grender og eit felles sentrum i Treungen*

##### Det betyr at:

- Me har god infrastruktur
- Me har fokus på samfunnstryggleik i all kommunal planlegging
- Me tek omsyn til farerisiko knytt til klimaendringane
- Me har fokus på trafikktryggleik
- Me ser universell utforming som eit viktig ledd i inkludering og livskvalitet, og legg til grunn at alle tiltak på kommunale bygg tek omsyn til universell utforming
- Me har spesiell fokus på risiko for flaum og tiltak for å hindre/redusere det
- Me har aktive lag og organisasjonar som er opne for alle
- Me har attraktive møteplassar for aktivitet, underhaldning, oppleving og sosial interaksjon
- Me har stor bredde av fritidsaktivitetar
- Me arbeidar målretta for at born og unge skal føle seg inkludert, og vere gode til å inkludere andre

#### 4.1.8

*I Nissedal er det innbyggjarane som skapar framtida*

##### Det betyr at :

- Me har eit levande lokaldemokrati
- Me har tenester som vert utvikla og produserte i dialog med innbyggjarane
- Me har ungdomsråd, eldreråd og råd for funksjonshemma som er aktive og syter for god brukarmedverknad
- Me har god dialog med brukarar, og har evne og vilje til å endre tilbod i takt med denne
- Me legg vekt på at det skal vere enkelt å få kontakt med kommunen, og ein skal bli teken på alvor
- Me gjev god informasjon og rettleiing
- Me allereie i skulen har fokus på at det er mogleg å etablere eiga verksemd basert på framtida sine krav til ny kompetanse

## 2 - Nissedal – ein attraktiv stad å drive næringsverksemd

### 4.2.1

*I Nissedal utviklast eksisterande og nytt næringsliv i tett samarbeid mellom kommunen og privat næringsliv*

#### Det betyr at:

- Me samarbeider om felles profilering av kommunen
- Me samarbeider om felles tiltak som aukar den samla attraktiviteten, t.d. tur- og skiløyper.
- Me samarbeider med grunneigarar og utbyggjarar om finansiering og utbygging av vass- og avløpsanlegg
- Me samarbeider med, og stimulerer til, eit aktivt næringslag
- Me samarbeider med hyttelag om ei aktiv deltaking i kommunen sin næringsstrategi
- Me samarbeider med, og spelar inn, privat næringsliv når kommunen deltek i interkommunale tiltak

### 4.2.2

*I Nissedal er reiselivsbasert næringsutvikling eit hovudsatsingsområde*

#### Det betyr at:

- Me har kontinuerleg fokus på at kommunen skal vere eit attraktivt reisemål
- Me profilerer oss som eit reisemål for korttidsopphald med kvalitetar innan natur, aktivitet, kultur og underhaldning
- Me har hyttebygging, og fylgjene av denne, som eit hovudsatsingsområde
- Me har ein arealpolitikk som står opp under ei slik satsing
- Me satsar på utbygging av kommunal vass- og avløpsanlegg i samarbeid med det private næringsliv
- Me ser reiselivsnæringa i ein større samanheng, der denne kan utviklast som tilleggsnæring til tradisjonelt jord- og skogbruk

#### 4.2.3

*I Nissedal er det ein arealpolitikk og ein infrastruktur som stimulerer til nyskaping og etablering av ny næringsverksemd*

##### Det betyr at:

- Me har tilgang til billige industritoromter
- Me har tilgang til tomter i sentrum for etablering av service-tilbod
- Me har tilgang til breiband til konkurransedyktige priser
- Me har regulert attraktive utbyggingsområde for hytter
- Me har utbygd kommunalt vass- og avløpsnett
- Me legg til rette for, og verdset, alle former for næringsetablering, store som små

#### 4.2.4

*I Nissedal er naturen grunnlaget for berekraftige verksemder*

##### Det betyr at:

- Me har fokus på vern av dyrka og god dyrkbar mark og dei produktive skogareala, og på drift av alt jord- og skogbruks-areal
- Me er positive til vasskraftutbygging når det er forsvarleg ut frå omsyn til natur og miljø
- Me oppmuntrar til og legg til rette for friluftsliv
- Me legg til rette for konsentrert hyttebygging for best mogleg å unngå konflikt med andre viktige utmarksnæringar som skogbruk, beitebruk og jakt
- Me stør opp om tiltak som hindrar attgroing, t.d. beitedyr

#### 4.2.5

*I Nissedal utnyttast potensialet for ei kulturbasert næringsutvikling*

Det betyr at:

- Me utviklar næring basert på oppleving, underhaldning og fritid
- Me ser samanheng mellom kulturbasert næring og identitet og attraktivitet
- Me ser samanheng mellom kulturbasert næring og etablering av anna næring
- Me ser at kulturbasert næring er viktig for våre fritidsbuvarar
- Me tek vare på kulturmiljø, kulturlandskap og kulturminne som grunnlag for kunnskap, oppleving og bruk

#### 4.2.6

*I Nissedal etablerast det nye kompetansearbeidsplassar*

Det betyr at:

- Me satsar på etablering av mindre kompetanseverksemder basert på menneske med spesiell kompetanse
- Me satsar på etablering av næringsklynger (skapar eit miljø for mindre verksemder)
- Me satsar på den kompetansen som ligg i alle menneska som oppheld seg i kommunen
- Me har allereie i skulen fokus på kompetanse som eit fortrinn og ein moglegheit til å bu i Nissedal

### 3 - Nissedal – tek miljø- og klimautfordringane på alvor

#### 4.3.1

*I Nissedal skal det vere like naturleg å ta omsyn til berekraft-perspektivet som kost/nytte-perspektivet, både i dagleg tenesteproduksjon og i større strategiske val*

#### Det betyr at:

- Me innarbeider klima- og miljøomsyn i interne reglar for innkjøp
- Me aukar innkjøpskompetanse og bevisstgjering
- Me i all kommunal verksemd legg oss på minst same krav som hushaldningane har
- Me har fokus på å redusere energiforbruk i alle kommunale bygg
- Me gjennom regional klimaplan for Vest-Telemark kartlegg potensialet for å redusere klimagassutslepp
- Me ser til at endra arealbruk langs vatn og vassdrag ikkje får negativ påverknad på vassmiljøet

#### 4.3.2

*I Nissedal formidlast kunnskap og haldningar som fremjar eit berekraftig samfunn*

#### Det betyr at:

- Me sørger for informasjon til innbyggjarane om enkle energisparetiltak
- Me set miljø og klima på dagsordenen både i barnehage og skule
- Me aukar eigenkompetanse om berekraftige val
- Me deltek i, - og skapar, arenaer for kunnskapsformidling og gjennomføring av tiltak
- Me ser arbeidet med kulturmiljø, kulturlandskap og kulturminne i samanheng med ei berekraftig samfunnsutvikling

#### 4.3.3

*I Nissedal stillast  
vasskrafta til  
disposisjon for ein  
klimatilpassa  
produksjon av  
fornybar energi til  
fellesskapet*

##### Det betyr at:

- Me ønsker meir utnytting av vasskrafta, både i form av meir effektiv produksjon og ny kraftutbygging
- Me ved revisjon av konsesjonsvilkår for vassdragsregulantar inkluderer klimatilpassing

#### 4.3.4

*I Nissedal utviklast  
ei berekraftig  
hytteutbygging*

##### Det betyr at:

- Me skal ha ei god utnytting av områda som er avsett til hytteutbygging
- Me profilerer kommunen som ein hyttedestinasjon med kort transportveg frå dei store befolkningsområda
- Me gjennom ein heilheitleg VA-plan synleggjer utfordringar og løysingar innan vassforsyning og avløpshandtering
- Me satsar på utbygging av kommunalt vass- og avløpsanlegg, og stiller krav om tilkopling
- Me har gode renovasjonstjenester for hytter
- Me gjennom næringsstrategiar satsar på verksemder som gjev kortreiste varer og tenester
- Me lokaliserer all utbygging til område sikra mot naturgitte farar (flaum, skred, ras, radon m.m.)

#### 4.3.5

*I Nissedal skal innbyggjarane få vass-, avløp- og renovasjonstjenester av svært høg kvalitet*

Det betyr at:

- Me satsar på høg kompetanse innan drift og planlegging
- Me har god beredskap som sikrar høg kvalitet og leveringstryggleik
- Me har fokus på vedlikehald av anlegg
- Me legg til rette for stor grad av kjeldesortering
- Me har fokus på å redusere mengda av restavfall

#### 4.3.6

*I Nissedal blir landbruket med jord-, skog- og utmarksressursane drive*

Det betyr at:

- Me legg til rette for grovfôrbasert husdyrproduksjon på grunnlag av dei lokale ressursane våre
- Me står lokal foredling når det er utsikt til å oppnå lønsam drift
- Me har fokus på miljøvenleg drift
- Me har fokus på skogen og bruk av tre som byggemateriale og karbonlager
- Me legg til rette for at utmarksressursane kan nyttast til skogsdrift, beite og jakt saman med andre friluftsinteresser og hyttebygging